



Susanne ekspederer turistar, og får bruk for både engelsk og litt spansk.

Spar-butikken på Sanden er eit av bygda sine viktigaste ansikt utad. Gjennom sommarsesongen er mange turistar innom butikken. I tillegg til at det er ein flott og veldreven butikk på alle måtar, er den kjent for ei god og serviceinnstilt betjening. I sommarsesongen er innslaget av unge medarbeidarar ekstra stort, og yngst på laget er Susanne Løland Eik.

Susanne er 17 år, blir 18 om eit par månader, og starta som ekstrahjelp i butikken i februar i år. I sommar har ho vore ferievikar med unnatak av to veker då ho hadde ein velfortent ferie. Den unge medarbeidaren legg ikkje skjul på at ho trivest godt i jobben.

- Eg likar meg veldig godt. Her treffer eg mykje kjekke folk. Både kollegaer og kundar er smilande og blide, og i dette gode arbeidsmiljøet kan eg ikkje unngå å trivast, fortel den unge jenta som har glidd flott inn i betjeninga på Spar som har henta heim mange prisar for m.a. sin gode service. Susanne er eit godt eiksempel på at Spar-leiinga har god teft når dei hentar inn nye medarbeidarar.

Etter den korte tida er Susanne blitt ein fleksibel og god medarbeidar for Spar-leiinga. Ho beherskar dei fleste sidene ved butikkdrifta. Det vekslar mellom kassarbeid med post og tipping, varearbeid og arbeid på kjøkkenet. Einaste begrensningen er salg av varer som krev at ein er 18 år. At det er travle dagar, synst ho berre er bra. Det er slik ho likar det.

Trass i sin unge alder har Susanne også hatt jobb tidlegare. Ho har vaska i Dønhaug Gardsbarnehage. Til dagleg er ho elev ved Kvinnherad vidaregåande skule på Husnes. Der går ho på studiespesialiserande studieretning, og startar om få dagar på det siste året. Kva det vert etter at ho er ferdig der, er ho usikker på. - Ja, det er eit stort spørsmål enno, seier ho smilande før ho legg til; - eg tar no realfaga så dermed har eg no alle muligheter.

Ho har framleis tid til å tenkja seg om. Når skuleåret startar, ønskjer ho å halda fram som ekstrahjelp på Spar. Eg er sikker på at både butikkleiinga, kundane og kollegaene set pris på at den finslege og kundevennlege jenta framleis vert å treffa i butikken.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døsland